

Sak 02-26 HELSESAMARBEIDET I HALLINGDAL**Bakgrunn:**

Hallingdal sjukestugu er eit regionalt helsetilbod basert på samarbeid mellom kommunane i Hallingdal og Vestre Viken helseføretak. Finansieringsmodellen er eit spleiselag der kommunane står for om lag 40 prosent av kostnadene, knytt til kommunalt finansierte intermediære sengeplassar (IMA), medan Vestre Viken finansierer dei statlege spesialisthelsetenestene. Den etablerte modellen inneber at dei kommunale sengeplassane legg til rette for eit breitt statleg tilbod ved sjukestugu, inkludert døgnseger, poliklinikk, diagnostiske tenester og akuttmedisinske funksjonar. Kommunale og statlege tenester er såleis tett integrerte og må vurderast i samanheng.

Kommunane i Hallingdal har gjennom fleire tiår samarbeidd om sjukestugu med mål om å sikre likeverdige helsetenester nær der folk bur. Modellen har vore avgjerande for å oppretthalde ein desentralisert spesialisthelseteneste i regionen.

I denne saka vil Hallingtinget få ei omvising på nærsjukehuset og få ei orientering om tilbod og kapasitet, organisering og finansiering. Ein vil få innblikk i forholdet mellom kommunale og statleg finansierte tenester, og om korleis endringar i den kommunale finansieringa kan påverke det samla helsetilbodet.

Ved å få tilført kunnskap om kva ein har i dag, står ein betre rusta når ein skal drøfte kva ein treng i framtida. Det blir og lagt opp til ei drøfting av kommunikasjonstrategi og vegen vidare for nærsjukehuset som del at det totale helsetilbodet i Hallingdal

Hallingdal, 15. april 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar